


052

FISKERIDIREKTORATET
BIBLIOTEKET

ÅRSMELDING 1995 20 MAI 1996



Dibl.

FISKERIRETTLEIAREN
I
SØRE MIDTHORDLAND



ÅRSMELDING FOR 1995.

FISKERIRETTLEIAREN I SØRE MIDTHORDLAND

1. Fiskerirettleiarens tenestedistrikt

2. Fiskerirettleiarkontorets virke og funksjon.

- 2.1. Personal/Fiskerikontoret.
- 2.2. Korrespondanse.
- 2.3. Fiskerikontorets arbeidsoppgaver/møteverksemnd.
- 2.4. Fiskerinemnder/møteverksemnd/saker.
- 2.5. Administrative erfaringer med tenesta i meldingsåret.

3. Sysselsettinga i fiskeri- og fiskeoppdrettsnæringa.

- 3.1. Fiskarmanntalet
- 3.2. Sysselsettinga i foredlingsleddet.
- 3.3. Sysselsettinga ved oppdrettsanlegga.

4. Fiskeflåten, merkeregisteret, konsesjonsbilete.

- 4.1. Austevoll Kommune
- 4.2. Os Kommune
- 4.3. Fusa Kommune.
- 4.4. Tysnes, Samnanger, Kvam og Jondal Kommune.

5. Fiskeflåtens aktivitet.

6. Fiskeoppdrettsnæringas samansetning og aktivitet.

7. Fiskeindustrien - mottak - foredling, aktivitet i 1992.


8. Avleia verksemnd.

9. Summering.

- 9.1. Fiskerinæringa.
- 9.2. Oppdrettsnæringa.
- 9.3. Fiskeindustri/mottaksleddet.

10. Kortmeldinger

1. Fiskerirettleiarkontorets tenestedistrikt.



Hovudkontorstad: Austevoll Kommune

Os kommune med 1 kontordag pr. veke frå 1982.

Fusa Kommune med 2 kontordagar pr. mnd. frå 1982.

Tysnes Kommune med ca. 1 kontordag pr mnd. frå 1984.

Samnanger Kommune utan faste kontordagar frå 1984.

Kvam Kommune med 2 kontordagar pr. mnd. frå 1990.

Jondal Kommune utan faste kontordagar frå 1992.

Austevoll Kommune:

- * ein typisk kystkommune med 667 holmer og skjær og 337 km strandline. Folketalet er tett på 4300.
- * ein av Norges største fiskeri- og fiskeoppdrettskommune.
- * næringslivet i kommunen er også sterkt engasjert i oljeverksemda i Nordsjøen.
- * store friluftsiinteresser og småbåtutfart sumarstid.

Os Kommune:

- * ein typisk vekstkommune med folketal tett på 13.300. Relativ stor strandline, store friluftsiinteresser og nær tilknytning til Bergen.
- * næringslivet i kommunen er hovudsakleg handel, bygg og anlegg. Fiske og fiskeoppdrett utgjjer ein mindre del av næringslivet.

Fusa Kommune:

- * ein blanding av kyst- og fjordkommune med folketal ca. 3.600
- * primærnæringsane jordbruk, skogbruk og fiskeoppdrett utgjjer ein vesentleg del av næringslivet. Fiskerinæringa utgjjer ein mindre del.
- * ein del jakt og friluftsliv, mest skog og fjell.

Tysnes Kommune:

- * ein kyst- og fjordkommune med relativ stor strandline og folketalet på ca. 2.800.
- * jordbruk, skogbruk og fiskeoppdrett utgjjer ein vesentleg del av næringslivet. Fiskerinæringa utgjjer berre ein mindre del.
- * store friluftsiinteresser og småbåtutfart på sumarstid. Ein del jakt i skog og mark.

Samnanger Kommune:

- * ein innlandskommune med kun Samnangerfjorden som kyststripe. Folketalet er ca. 2.350.
- * offentleg service, industri, bygg og anlegg utgjjer det vesentlege av kommunens verksemnd.
- * store friluftsiinteresser som jakt og fiske i skog og fjell, samt vesentleg skiturisme vinterstid.

Kvam Kommune:

- * ein innlandskommune med kyststripe som grensar til Hardangerfjorden. Folketalet er ca 8.700.
- * hovuddelen av næringslivet utgjer industri, skog- og jordbruk. Fiskeoppdrett utgjer også ein stor del av næringslivet i kommunen.
- * store friluftsiinteresser som jakt og fiske i skog og fjell. Fine turløyper, samt stor skiturismeN vinterstid.

Jondal Kommune:

- * ein innlandskommune med kyststripe som grensar til Hardangerfjorden i vest. Folketalet er ca. 1200.
- * næringslivet i Jondal er i hovudsak industri, skog- og jordbruk. Fiskeoppdrett utgjer også ein stor del av næringslivet.
- * store friluftsiinteresser, med aktivt idrettslag. Fine turløyper, stor skiturisme heile året.

2. Fiskerirettleiarkontorets virke og funksjon.

2.1. Personal/Fiskerikontoret.

Fiskerirettleiar Hans Austevoll
Konsulent Ingebrigt Austevoll
Førstefullmektig Gurli Heimark

Alle i full stilling, med fiskerikontor som er adskilt og delt i 3 rom.

Grunna langvarig sjukefråver/sjukemelding i meldingsåret var Randi Jensen, ved tilførte midler frå Arbeidskontoret, delvis tilsett ved kontoret første halvår.

I Os vert det nytta eit kontor i sentrum av Osøyro, medan det i Fusa, Tysnes og Kvam vert nytta kontor tilknytte formannskapskontora.

I meldingsåret hadde konsulenten arbeid 1 dag pr. veke på kontoret til fiskerisjefen i Hordaland, ca. første halvår.

Han hadde også 20 dagar permisjon utan løn, då han var ute med eit fiskefartøy.

2.2. Korrespondanse.

Inn- og utgåande brevjournals:	1991	1992	1993	1994	1995
Totalt inngåande	1.139	1.193	1.204	1.242	1.202
Totalt utgåande	1.267	1.482	1.268	1.421	1.644

Korrespondansen er noko varierende frå år til år.

2.3. Fiskerikontorets arbeidsoppgåver/møteverksemd.

Som sekretariat for fiskerinemndene i heile tenestedistriktet så medgår ein god del arbeid med tilrettelegging av saker som vert handsama i fiskerinemndene.

Fiskerikontorets arbeidsoppgåver/møteverksemd forøvrig var i 1995 i grove trekk som følgjande:

- * div. kystzoneplanlegging i Fusa og Os, samt Stord.
- * aktivt arbeid med hamneplan i Austevoll.
- * medlem av faggruppa vedk. rullering av fylkesplan.
- * søknader, synfaring og møter vedk. lokaliteter for laks og aure.
- * div. arbeid vedk. utarbeiding av sivil beredskapsplan for fiske- og fiskeoppdrett på kommunalt nivå.
- * div. søknader til Fiskeridirektoratet.
- * fiskarmanntal - merkeregister- og garantikassesaker m.m.

- * deltaking vedk. diverse tiltaksarbeid i kommunane.
- * div. møter på Austevoll Havbruksstasjon
- * div. møter og deltaking i Austevoll Fiskeoppdrettslag.
- * deltaking med ulike delegasjonar på ekskursjonsturer i Austevoll.
- * div. møter i Bergen, hos Fiskerisjefen, Fiskeridirektoratet og andre.
- * Fiskerisjefen sin representant i faggruppa for "Rullering av fylkesplanen for Hordaland".

- * medlem av "Tilsettingsrådet" i Fiskeridirektoratet.

2.4. Fiskerinemnder/møteverksemd/saker.

Austevoll og Tysnes kommune har egne fiskerinemnder med 5 medlemmar i kvar nemnd.

Os, Fusa og Samnanger kommune har felles fiskerinemnd med 3 medl. frå Os, 2 medl. frå Fusa og 1 medlem frå Samnanger.

Kvam og Jondal har felles fiskerinemnd med 3 medlemmar frå Kvam og 2 medlemmar frå Jondal.

Saksmengda frå fiskerinemndene i 1995:

Austevoll kommune:	3 møter og tot. 47 saker til handsaming
Os, Fusa og Samnanger kommune:	3 møter og tot. 39 saker.
Tysnes kommune:	2 møter og tot. 7 saker.
Kvam og Jondal kommune:	2 møter og tot. 7 saker.

Medlemmane i fiskerinemndene har teke aktivt del i dei einskilde saker. Dei har vore positive og lett å samla til møter.

Sakshandsaminga har i stor grad føregått ved utsending av sakene fortløpande til nemnds-medlemane saman med forslag til uttale frå den aktuelle nemnda med oppmoding om tilbakemelding av eventuelle merknader.

Dette er ei ordning som reint teknisk har fungert godt, men fagleg føler vi eit sagn av den dialogen som føregår i nemnds-møtene.

Når det ligg føre "tyngre" saker vert det sjølvsagt kalla inn til ordinære møter.

AUSTEVOLL FISKERINEMND

Medlemmer:

Inge Halstensen, leiar	5397 Bekkjarvik
Kåre K. Sandtorv, n.leiar	5392 Storebø
Reidun Jørgensen, medl.	5387 Møkster
Martha Våge, medl.	5398 Stolmen
Lars Ove Stenøvik, medl.	5397 Bekkjarvik

FISKERINEMNDA I OS, FUSA OG SAMNANGER

Medlemmer:

Eva Kvernes Røttinger, leiar	5228 Lepsøy
Jostein Røttingen, medl.	5228 Lepsøy
Rolf Bugge, medl.	5220 Hagavik
Marit Nymark, n.leiar	5648 Holmefjord
Arne Ådland, medl.	5640 Eikelandsosen
Elvin Jørgensen, medl.	5650 Tysse

FISKERINEMNDA I TYSNES

Medlemmer:

Svein Tore Flakke, leiar	5694 Onarheim
Helge Hystad, n.leiar	5694 Onarheim
Sigmund Haukefær, medl.	5693 Reksteren
Gjermund Rosseland, medl.	5694 Onarheim
Trygve Storetvedt, medl.	5680 Tysnes

FISKERINEMNDA I KVAM OG JONDAL

Medlemmer:

Sveinung Havrevold, leiar	5610 Øystese
Olaf L. Kvamsøy, medl.	5610 Øystese
Ingolf Nordtveit, medl.	5633 Mundheim
Knut Haugen, n.leiar	5628 Herand
Håkon D. Sandven, medl.	5627 Jondal

SAKER TIL HANDSAMING I 1995

Austevoll Fiskerinemnd:

- * 5 søknader til Statens Fiskarbank, der 3 av desse var lånsøknader til kjøp av brukte fartøy. 2 var søknader om kontraheringstilskot ved større ombyggingar.
- * 1 søknad til Fiskerisjefen vedk. laks og aure, utviding og fornya driftslokalitet.
- * 3 søknader til Fiskerisjefen om konsesjon for marine artar, ålkonsesjon, yngel- og stamfisk-konsesjon for kveite og matfiskkonsesjon for kveite.
- * 4 søknader til Fiskeridirektoratet, 2 om ervervelse av eigedomsretten til fiskefartøy og 2 om selskapsendring.
- * 13 søknader om løyve til bruk av areal i eit område avgrensa til 100 m frå strandlina.
- * referatsaker.
- * fiskarmanntalsaaker.
- * uttale vedk. hamneplan for Austevoll Kommune.
- * uttale vedk. søknad om opptak av skjelsand.
- * uttale vedk. seismiske målinger.
- * uttale vedk. kloakkutslepp.
- * uttale vedk. utlegging av flytebrygger og bygging av kai, (8 søknader).
- * uttale vedk. søknad om permanent flytting av oppdrettsanlegg, ut av Austevoll kommune.

Os, Fusa og Samnanger Fiskerinemnd.

- * 1 søknad til Fiskeridirektoratet om ervervelse av eigedomsretten til fiskefartøy.
- * 5 søknader til Fiskerisjefen vedk. utviding, omlokalisering, samdrift av fiskeoppdrettsanlegg, laks.
- * 1 søknad til Fiskerisjefen om konsesjon for dyrking av kamskjel.
- * 9 søknader til uttale vedk. bruk av areal i eit område avgrensa til 100 m frå strandlina.
- * 6 søknader om utsleppsledningar til sjø.
- * uttale vedk. søknader om utlegging av sjøkabel.
- * uttale vedk. kommuneplanar/reguleringsplanar (5 stk.).
- * uttale vedk. fiskerihammen på Osøyro.
- * uttale vedk. bygging av molo for småbåthamn i Fusa

* referatsaker.

* fiskarmanntalsaker.

Tysnes Fiskerinemnd:

* fiskarmanntalsaker.

* referatsaker.

* uttale vedk. søknad om opptak av skjelsand.

* uttale vedk. søknad om sanitæranlegg på Årbakka.

* uttale vedk. kommuneplan.

Kvam og Jondal Fiskerinemnd.

* referatsaker.

* fiskarmanntalet.

* uttale vedk. søknader om utviding av kai, utlegging av flytebyggje, (2 søknader).

* uttale vedk. søknad om plassering av flytebyggje.

* uttale vedk. framlegg til reguleringsplan, friluftsområde.

* uttale vedk. søknad om utlegging av sjøkabel, (fiberoptisk).

2.5. Administrative erfaringer med tenesta i meldingsåret.

Med den bemanninga rettleiarkontoret i Austevoll har, så må me kunna seia at rettleiartenesta fungerer godt. Dei tilsette har samla relativt godt kjennskap til dei ulike ledd innafor fiske-og akvakulturnæringa innanfor vedkomande tenestedistrikt, og vi har i dei fleste høve møtt positiv samarbeidsvilje.

Næringsutøvarane/fiskerinemndene har vore lett å få kontakt med, og me har følt at dei har sett pris på dei tenestene me har kunna vore hjelpelege med.

3. Sysselsettinga i fiskeri-og fiskeoppdrettsnæringa.

3.1. Fiskarmanntalet.

Fiskarmanntalet følger kommunevis for 1991 - 1995.

Blad A - Fiske som attåtnæring.

Blad B - Fiske som hovudyrke/eineyrke.

Austevoll Kommune

År	Inn- deling	Fiskarar etter aldersgrupper								Tot.
		<20	<30	<40	<50	<60	<67	<70	>70	
1991	Blad A	-	-	1	2	4	8	8	42	65
	Blad B	21	70	61	40	16	9	-	2	219
	Totalt	21	70	62	42	20	17	8	44	284
1992	Blad A	-	-	-	3	4	9	6	43	65
	Blad B	21	77	59	41	16	6	-	2	222
	Totalt	21	77	59	44	20	15	6	45	287
1993	Blad A	-	-	-	2	3	6	7	46	64
	Blad B	22	84	61	44	19	4	1	-	235
	Totalt	22	84	61	46	22	10	8	46	299
1994	Blad A	-	-	-	2	4	6	6	49	67
	Blad B	15	87	56	44	22	3	1	-	228
	Totalt	15	87	56	46	26	9	7	49	295
1995	Blad A	-	-	-	2	3	7	6	49	67
	Blad B	11	84	57	50	23	5	-	-	230
	Totalt	11	84	57	52	26	12	6	49	297

Fiskarmanntalet for Austevoll er omlag stabilt dei siste åra. Aldersgruppa frå 20 - 30 år toppar klart statistikken.

Os Kommune

År	Inn- deling	Fiskarar etter aldersgrupper								Totalt
		< 20	< 30	< 40	< 50	<60	<67	<70	> 70	
1991	Blad A	-	-	2	-	1	2	1	8	14
	Blad B	-	19	14	9	9	5	-	2	58
	Totalt	-	19	16	9	10	7	1	10	72
1992	Blad A	-	-	2	-	-	2	1	7	13
	Blad B	2	23	13	12	9	3	2	2	66
	Totalt	2	23	15	12	10	5	3	9	79
1993	Blad A	-	-	1	1	1	1	4	8	16
	Blad B	3	23	13	13	7	5	-	-	64
	Totalt	3	23	14	14	8	6	4	8	80
1994	Blad A	-	-	-	1	2	-	4	10	17
	Blad B	1	20	12	14	8	4	1	-	60
	Totalt	1	20	12	15	10	4	5	10	77
1995	Blad A	-	-	-	1	3	-	2	11	17
	Blad B	1	17	11	14	8	3	1	-	55
	Totalt	1	17	11	15	11	3	3	11	72

Litt nedgang i talet på fiskarar i Os i 1995. Flest fiskarar i aldersgruppa 20 - 50 år

Fusa Kommune

År	Inn- deling	Fiskarar etter aldersgrupper								Totalt
		< 20	< 30	< 40	< 50	<60	<67	<70	> 70	
1991	Blad A	-	-	-	-	2	1	-	5	8
	Blad B	2	5	3	6	4	1	-	1	22
	Totalt	2	5	3	6	6	2	-	6	30
1992	Blad A	-	-	1	-	-	1	-	4	6
	Blad B	-	7	3	4	5	2	-	1	22
	Totalt	-	7	4	4	5	3	-	5	28
1993	Blad A	-	2	-	-	2	-	1	5	10
	Blad B	-	5	1	3	2	3	-	-	14
	Totalt	-	7	1	3	4	3	1	5	24
1994	Blad A	-	-	-	-	1	1	1	5	8
	Blad B	-	3	2	4	2	3	-	-	14
	Totalt	-	3	2	4	3	4	1	5	22
1995	Blad A	-	-	-	-	-	-	-	5	5
	Blad B	-	1	1	3	2	3	1	-	11
	Totalt	-	1	1	3	2	3	1	5	16

Også fiskarmanntalet i Fusa viser nedgang i talet på fiskarar 1995.

Tysnes Kommune

År	Inn- deling	Fiskarar etter aldersgrupper								Totalt
		< 20	< 30	< 40	< 50	<60	<67	<70	> 70	
1991	Blad A	-	-	1	2	1	1	2	4	11
	Blad B	-	-	1	2	3	1	-	1	8
	Totalt	-	-	2	4	4	2	2	5	19
1992	Blad A	-	-	1	1	2	1	1	6	12
	Blad B	-	-	-	3	3	1	-	-	7
	Totalt	-	-	1	4	5	2	1	6	19
1993	Blad A	-	-	1	1	1	1	1	6	11
	Blad B	1	-	-	2	5	1	-	-	9
	Totalt	1	-	1	3	6	2	1	6	20
1994	Blad A	-	-	1	1	2	-	-	7	11
	Blad B	-	-	1	3	5	1	-	-	10
	Totalt	-	-	2	4	7	1	-	7	21
1995	Blad A	-	-	-	1	-	-	-	6	7
	Blad B	-	-	-	2	5	1	-	-	8
	Totalt	-	-	-	3	5	1	-	6	15

Talet på fiskarar i Tysnes har også minka i 1995.

Samnanger Kommune: 6 på blad A og 3 på blad B i 1995.

Kvam Herad :1 på blad A og 7 på blad B i 1995.

3.2. Sysselsettinga i foredlingsleddet.

Austevoll Kommune

Navn	Heiltidstils.				Deltidstils.			Årsverk		
	År	M	K	Tot	M	K	Tot	M	K	Tot
<i>Austevoll Fiskeind. A/S</i> Mottak, oppdr. fisk, røykeri, mottak for sild og makrell, fryseri m.m.	91	25	25	50	60	60	120	60	60	120
	92	25	25	50	60	60	120	55	55	110
	93	36	26	52	60	60	120	50	40	90
	94	31	38	69	30	10	40	61	48	109
	95	46	39	85	36	18	54	70	38	128
<i>Norsk Akvakultur A/S</i> Kjøpsløyve oppdrettsfisk, røyking m.m.	90	1	3	4	15	40	55	3	17	20
	92	3	3	4	15	40	55	4	14	22
	93	1	3	4	15	40	55	7	23	30
	94	2	4	6	10	35	45	5	25	30
	95	3	3	6	15	40	55	10	35	45
<i>Hordafør A/S, ensil, avskj.</i>	95	21	1	22	3	3	6	22	3	25

Os Kommune

Navn	Heiltidstils.				Deltidstils.			Årsverk		
	År	M	K	Tot	M	K	Tot	M	K	Tot
<i>Gje-Vi Røykeri A/S</i> Pakking/røyking laks, filitering, m.m.	91	2	3	5	12	20	32	7	13	20
	92	1	2	3	10	18	28	8	17	25
	93	1	2	3	10	20	30	10	15	25
	94	2	2	4	10	20	30	12	16	28
	95	3	3	6	15	25	40	10	25	35

M = Menn

K = Kvinner

Fusa Kommune

Navn	Heiltidstils.				Deltidstils.			Årsverk		
	År	M	K	Tot	M	K	Tot	M	K	Tot
<i>Bolaks A/S</i> Pakking av eigen lakseproduksjon.	91	-	-	-	10	17	27	3	6	9
	92	1	-	1	1	9	10	1	6	7
	93	1	-	1	3	10	13	2	5	7
	94	1	-	1	3	10	13	3	8	10
	95	2	-	2	3	10	13	4	8	12
<i>Holmefjord Fryseri</i> Filtering og røyking av laks.	91	1	1	2	1	1	2	1	1,5	2,5
	92	1	1	2	1	1	2	1	1,5	2,5
	93	1	1	2	5	5	10	2	1	3
	94	1	1	2	2	2	4	2	1	3
	95	1	1	2	2	2	4	2	1	3
<i>Norway Foods A/S</i> Nedlegging av sardiner	91	10	24	34	3	11	14	12	30	42
	92	10	23	33	3	6	7	11	29	40
	93	10	23	33	1	10	11	10	30	40
	94	8	24	32	3	12	15	10	30	40
	95	8	24	32	3	11	14	9	31	40

Samnanger Kommune

Navn	Heiltidstilsette				Deltidstilsette			Årsverk		
	År	M	K	Tot.	M	K	Tot.	M	K	Tot.
Arnesen & Nil- sen Fisk A/S	95	2	-	2	-	-	-	2	-	2

Mottak av kvitfisk for Vestnorges Fiskesalgslag

Tysnes Kommune

Navn	Heiltidstils.				Deltidstils.			Årsverk		
	År	M	K	Tot	M	K	Tot	M	K	Tot.
<i>Tysnes Fiskemottak</i>	91	2	4	6	-	3	3	2	5	7
Tek mot fisk for Vest-	92	2	-	2	-	3	3	2	1,5	3,5
norge Fiskesalgslag.	93	3	-	-	-	-	-	3	-	3
	94	1	-	1	-	1	1	1	0,5	1,5
	95	1	-	1		-	-	1	-	1
<i>Rexstar Seafood A/S</i>	Tok opp drift frå nov.-93, 17 pers.og ca. 3 årsverk									
Mottak, laks, filet	94	5	5	10	7	13	20	5	5	10
	95	2	-	2	5	9	14	6	8	14

Kvam Kommune

Navn	Heiltidstils.				Deltidstils.			Årsverk		
	År	M	K	Tot	M	K	Tot	M	K	Tot
<i>Hardanger Fiske-</i>	91	8	17	25	-	5	5	7	15	22
<i>foredling</i>	92	2	1	3	11	16	27	10	10	20
Pakking av laks	93	10	8	19	10	11	21	22	12	34
m.m.	94	7	9	16	8	13	21	15	17	32
	95	2	1	3	11	16	27	10	13	23

M = Menn

K = Kvinner

3.3. Sysselsettinga ved oppdrettsanlegg

Kommune	Heiltidstils.	Deltidstils.	Årsverk
<i>Austevoll</i>	55	20	65
<i>Os</i>	8	5	10
<i>Fusa</i>	55	30	70
<i>Tysnes</i>	43	15	48
<i>Samnanger</i>	3	2	4
<i>Kvam</i>	29	13	35
<i>Jondal</i>	19	16	26

4. Fiskeflåten, merkeregisteret, konsesjonsbilette.

4.1. Austevoll.

Austevoll kommune er ein av landets største fiskerikommunar med følgjande flåtesamansetjing i 1995.

- * 21 store fartøy m/ringnotkonsesjon frå 4.900 til 15.000 hl. 15 av desse fartøya har også kolmuletrålkonsesjon.
- * 1 kombinert fartøy 90 fot, garn, snurrevad og ringnot.
- * 1 brisling/sild fartøy.
- * 57 mindre merkeregistrerte fartøy som består av sjarkar og små åpne båtar.

LENGDE	TOTALT	I	BYGGEAR								UOPPGITT	BYGGEMATERIALE			
			IFØR	1939	1940-49	1950-59	1960-69	1970-79	1980-89	1990-93		ET. 1993	STÅL	TRE	PLAST
0.0 - 4.9M	1	I	-	-	-	-	1	-	-	-	-	-	-	-	1
5.0 - 9.9M	41	I	-	-	1	7	19	11	1	2	-	-	-	17	24
10.0 - 14.9M	13	I	-	1	-	-	3	8	1	-	-	-	1	3	9
15.0 - 19.9M	3	I	1	-	2	-	-	-	-	-	-	-	-	3	-
20.0 - 24.9M	1	I	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	1	-
25.0 - 29.9M	1	I	-	-	-	-	1	-	-	-	-	-	1	-	-
30.0 - 34.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
35.0 - 39.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
40.0 - 44.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
45.0 - 49.9M	1	I	-	-	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-
50.0 OG OVER	19	I	-	3	3	2	3	7	1	-	-	-	19	-	-
UOPPGITT	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
T O T A L T	80	I	2	4	6	10	27	26	3	2	-	-	22	24	34

Merkeregisteret for Austevoll viser 52 avgangar og 7 tilgangar av fartøy i 1995.

Grunnen til den store avgangen var ei drastisk opprensing i merkeegisteret i 1995.

4.2. Os.

LENGDE	TOTALT	BYGGEAR									BYGGEHATERIALE					
		IFØR	1939	1940-49	1950-59	1960-69	1970-79	1980-89	1990-93	ET. 1993	UOPPGITT	STÅL	TRE	PLAST	ANNET	
0.0 - 4.9M	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
5.0 - 9.9M	23	1	-	-	1	3	11	8	-	-	-	-	10	13	-	
10.0 - 14.9M	3	1	-	-	-	-	2	1	-	-	-	-	1	1	1	
15.0 - 19.9M	2	1	1	1	-	-	-	-	-	-	-	-	2	-	-	
20.0 - 24.9M	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
25.0 - 29.9M	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
30.0 - 34.9M	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
35.0 - 39.9M	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
40.0 - 44.9M	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
45.0 - 49.9M	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
50.0 OG OVER	2	1	-	-	1	1	-	-	-	-	-	-	2	-	-	
UOPPGITT	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
TOTALT	30	1	1	1	2	4	13	9	-	-	-	-	2	13	14	1

* 2 store ringnotfartøy, den eine har kolmuletrålkonsesjon.

* 1 brisling-/sild fartøy.

* 1 reketrålfartøy i Nordsjøen.

* 26 mindre båtar, sjarkar o.l. utan spesielle fiskeløyve.

* I Os Kommune ver det ein nedgang frå 48 fartøy i 1994 til 30 fartøy i 1995.

4.3. Fusa.

LENGDE	TOTALT	BYGGEAR									BYGGEHATERIALE				
		IFØR	1939	1940-49	1950-59	1960-69	1970-79	1980-89	1990-93	ET. 1993	UOPPGITT	STÅL	TRE	PLAST	ANNET
0.0 - 4.9M	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
5.0 - 9.9M	11	1	-	-	-	1	3	6	1	-	-	-	1	9	1
10.0 - 14.9M	2	1	-	-	-	-	-	2	-	-	-	-	1	-	1
15.0 - 19.9M	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
20.0 - 24.9M	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
25.0 - 29.9M	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
30.0 - 34.9M	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
35.0 - 39.9M	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
40.0 - 44.9M	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
45.0 - 49.9M	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
50.0 OG OVER	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
UOPPGITT	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
TOTALT	13	1	-	-	-	1	3	8	1	-	-	-	2	9	2

* 13 fartøy i merkeregisteret i 1995 mot 20 fartøy året før. To av desse er brislingbruk. Dei øvrige fartøya er sjarkar og mindre åpne båtar.

4.4. Tysnes.

LENGDE	TOTALT	B Y G G E A R									BYGGEMATERIALE			
		IFØR	1939	1940-49	1950-59	1960-69	1970-79	1980-89	1990-93	ET. 1993	UOPPGITT	STÅL	TRE	PLAST
0.0 - 4.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
5.0 - 9.9M	9	I	-	-	2	2	2	2	1	-	-	-	6	3
10.0 - 14.9M	1	I	-	-	-	-	1	-	-	-	-	-	1	-
15.0 - 19.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
20.0 - 24.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
25.0 - 29.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
30.0 - 34.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
35.0 - 39.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
40.0 - 44.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
45.0 - 49.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
50.0 OG OVER	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
UOPPGITT	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
TOTALT	10	I	-	-	2	2	3	2	1	-	-	-	7	3

* 10 fiskefartøy i Tysnes og disse er mindre båtar, sjarkar o.l., utan spesielle fiskeløyve.

Kvam Herad har 9 mindre fiskefartøy utan spesielle fiskeløyve

Samnanger kommune har 4 mindre fiskefartøy utan spesielle fiskeløyve.

Jondal kommune har 1 fiskefartøy utan spesielle fiskeløyve.

5. Fiskeflåtens aktivitet.

Austevoll Kommune.

Havfiskeflåten frå Austevoll hadde eit særst aktivt år også i 1995, noko som gav positive utslag. Dette refererer seg til litt loddefiske ved Jan Mayen og ved Island. Vidare til godt makrellfiske, godt sild- og brislingfiske i Nordsjøen og Norskehavet, samt godt kolmulefiske vest for Dei Britiske Øyer.

Tabellen nedanfor syner fangstresultatet frå 1991 - 1995. Fyrstehandsverdien har auka frå år til år og resultatet frå 1995 er betre enn nokon gong før.

Austevoll Kommune - Havfiskeflåten.

År	Lodde 1000 HL	Makr. 1000 HL	Sild/ Brisl. 1000 HL	Kolm. 1000 HL	Tobb/ Augep. 1000 HL	Tot. 1000 HL	Tot. Mill. KR
1991	685	442	550	560	20	2.257	239,0
1992	1.616	751	602	775	11	3.775	303,9
1993	1.078	822	872	1.040	-	3.814	338,8
1994	379	889	927	1.202	-	3.397	384,2
1995	69	692	1.407	1.397	-	3.555	465,9

I tillegg kjem ca 4 mill. kr i førstehandsverdi frå eit brislingsfartøy og sjarkane. Av sistnemnte er det berre nokre få fartøy som driv fiske som heilårsnæring, rekefiske, not- og garnfiske etter sild, makrell, pale/sei, hå, torskefiske m.m.

Berre 5-6 sjarkar fiska torsk nord for Stad i 1995.

Os Kommune.

Fiskeriaktiviteten frå Os utgjer to ringnot-/kolmulefartøy og 12 - 15 mindre fartøy, sjarkar som dreiv aktivt fiske i 1995. Fyrstehandsverdien utgjer ca. 30 - 35 mill. kr. der dei to havgåande fartøyet utgjer hovuddelen av fangstresultatet.

Fusa Kommune.

6 - 8 mindre fartøy, sjarkar utgjer eit fangstresultat på anslagsvis ca. 1 - 2 mill. kr.

Fiskeriaktiviteten frå Tysnes, Samamnanger og Kvam utgjer ein endå mindre del i 1995.

6. Fiskeoppdrettsnæringas samansetning og aktivitet.

Austevoll Kommune.

- * Av 26 matfisk-konsesjonar for laks og aure i Austevoll er to av desse Fou-konsesjonar. To matfiskkonsesjonar hadde ikkje drift i 1995.
- * 1 setjefiskanlegg i drift med 300.000 stk./år.
- * 19 konsesjonar for marine arter. 4 av desse hadde drift i 1995 og eit av desse var Akvakulturstasjonen.

Tabellen nedanfor viser utvikling i oppdrettsnæringa dei siste 5 åra, der 1995 viser større produksjon enn nokon gong før, både i vekt og verdi.

Austevoll Kommune, Matfisk, Laks og Aure

År	Kons. 1000 m3	Laksey. 1000stk	Aure 1000stk	Laks solgt		Aure solgt	
				1000 kg	1000 kr	1000 kg	1000 kr
-91	280	2.500	-	6.000	180.000	-	-
-92	280	2.000	312	5.068	126.861	15	508
-93	288	1.860	398	5.053	133.800	352	7.700
-94	281	3.183	350	6.997	190.485	564	15.930
-95	275	3.600	300	9.733	226.462	1.026	30.000

I tillegg kjem salg frå eit settefiskanlegg av laks og aure og eit settefiskanlegg av kveite. To matfiskanlegg for oppdrett av ål hadde også drift i 1995, men ikkje nemneverdig salg.

Os Kommune.

- * 3 matfiskkonsesjonar for laks og aure 12.000 m3 kvar. Ein av desse er ein Fou-konsesjon.
- * 1 konsesjon, 250.000 stk. setjefisk av laks og aure.
- * 3 konsesjonar for marine fiskearter, der ein hadde drift i 1995.

Os Kommune, Matfisk, Laks og Aure

År	Kons. 1000 m3	Laksey. 1000stk	Aurey. 1000stk	Laks solgt		Aure solgt	
				1000 kg	1000 kr	1000 kg	1000 kr
-91	36	325	12	420	12.300	14	300
-92	36	240	12	617	18.100	10	200
-93	36	218	-	637	14.100	-	-
-94	36	336	-	712	19.245	-	-
-95	36	500	-	1.121	28.453	-	-

I tillegg kjem salg frå drifta av settefiskanlegget for laks og aure.
Det forelåg ikkje salg av marin oppdrettsfisk i 1995

Fusa Kommune.

Fusa er ein betydeleg oppdrettskommune og konsesjonsregisteret pr. 31.12.95, viser:

- * 10 konsesjonar for laks og aure, tot. 105.000 m3. To av desse er stamfiskkonsesjonar.
- * 12 stk. setjefiskanlegg med samla konsesjon på 3.770.000 stk.
- * 2 konsesjonar for marine fiskearter med drift på den eine i 1995.
- * 1 skalldyrkonsesjon i drift.

Fusa Kommune, Matfisk, Laks, Aure og Røye

År	Kons. 1000 m3	Laksey. 1000stk	Aurey. 1000stk	Laks solgt		Aure solgt	
				1000 kg	1000 kr	1000 kg	1000 kr
-91	138,5	1.300	50	2.750	79.960	77 R 1	1.628 33
-92	138,5	1.400	50	1.958	68.613	104	2.179
-93	126,0	1.070	-	2.684	75.654	40	865
-94	97,0	848	-	2.907	68.671	-	-
-95	105,0	1.300	-	3.840	84.283	-	-

R = Røye

Fusa Kommune, Settefisk av Laks og Aure

År	Konsesjon, 1000 stk.	Salg, 1000 stk.	Salg, 1000 kr.
-95	3.770	2.750	35.260

Salgsverdien inkluderer også salg av ca. 6 mill. stk. rognkorn
Det forelåg ikkje salg av marin oppdrettsfisk eller skalldyr i 1995.

Tysnes Kommune.

Tysnes kommune viser ein sær s aktiv oppdrettsaktivitet i 1995:

- * 7 konsesjonar for laks og aure, 12000 m3 kvar.
- * 4 konsesjonar for setjefisk, tot. 2.500.000 stk.
- * 2 konsesjonar for marine fiskearter.
- * 1 konsesjon for skalldyr.

Tysnes Kommune, Matfisk, Laks, Aure og Torsk

År	Kons. 1000 m3	Laksey. 1000stk	Aurey. 1000stk	Laks solgt		Aure solgt	
				1000 kg	1000 kr	1000 kg	1000 kr
-91	60	700	-	2.500	75.000	T 0,34	5,7
-92	60	1.100	-	2.970	75.176	-	-
-93	72	967	-	3.596	89.582	68,0	1.420
-94	84	1.514	-	3.934	108.582	46,2	1.106
-95	84	1.550	-	6.045	145.363	-	-

T = Torsk

Tysnes Kommune, Settefisk av Laks og Aure

År	Konsesjon, 1000 stk.	Salg, 1000 stk.	Salg, 1000 kr.
-95	2.500	3.045	31.736

I tillegg kjem litt salg frå eit matfiskanlegg av torsk.

Eit skalldyranlegg er også i drift men hadde ikkje salg i 1995.

Kvam Kommune.

- * 5 konsesjonar for laks og aure, 12000 m3 kvar.
- * 4 konsesjonar for setjefisk av laks og aure, totalt 2160.000 stk./år.
- * 1 konsesjon for oppdrett av røye.

Kvam Kommune, Matfisk, Laks, Aure og Røye

År	Kons. 1000 m3	Laksey. 1000stk	Aurey. 1000stk	Laks solgt		Aure solgt	
				1000 kg	1000 kr	1000 kg	1000 kr
-91	48	400	50	783	22.500	R 13	450
-92	48	420	44	923	24.602	105 R 80	1.632 3.120
-93	48	501	-	1.513	37.127	63 R 23	1.326 800
-94	60	753	-	1.789	47.892	12	463
-95	60	680	-	1.958	46.582	- R 17	- 583

R = Røye

Kvam Herad, Settefisk av Laks og Aure

År	Konsesjon, 1000 stk.	Salg, 1000 stk.	Salg, 1000 kr.
1995	2.160	1.708	16.339

Samnanger Kommune.

* 1 konsesjon for settefisk av laks og aure, 600.000 stk./år.

* 1 konsesjon for marine fiskearter.

Jondal Kommune.

* 4 matfiskkonsesjonar for laks og aure, 12000 m3 kvar.

* 1 settefiskkonsesjon for laks og aure, 800.000 stk./år.

Jondal Kommune, Matfisk, Laks

År	Kons. 1000 m3	Laksey. 1000stk	Aurey. 1000stk	Laks solgt		Aure solgt	
				1000 kg	1000 kr	1000 kg	1000 kr
-92	12	110	-	301	10.000	-	-
-93	36	370	-	1.241	32.066	-	-
-94	48	657	-	1.496	39.916	-	-
-95	48	530	-	1.953	42.300	-	-

I tillegg har Jondal salg frå eit settefiskanlegg.

7. Fiskeindustrien - mottak - foredling, aktivitet 1995.

Austevoll kommune.

Austevoll Fiskeindustri A/S:

* rundfrysing av makrell	: 15.569 tonn
* makrellfilet	: 210 tonn
* laks totalt, pakka/sløydd	: 4.352 tonn
* røykelaks, filet, gravlaks	: 188 tonn
* sild, rundfrossen	: 5.739 tonn
* sild, filet	: 5.115 tonn
* Årsomsetnad: 245 mill. kr.	

Av dette er 11 mill. frå Austevoll Seafood A/S.

Norsk Akvakultur A/S:

* fersk laks pakka og solgt	: 3.800 tonn
* fersk laks, pakka for andre	: 400 tonn
* røykt laks/aure og filet	: 250 tonn
* Årsomsetnad: 99 mill. kr.	

Hordafor A/S:

* ensilering av avskjær o.l.	: 20.000 tonn
* Årsomsetnad: ca. 40 mill. kr og 33 årsverk.	(Av dette kr 30 mill. og 25 årsv. i Austevoll).

Os Kommune

Gje-Vi Røykeri A/S:

* pakking av laks og aure, noko røykt/filet	: 5.500 tonn
* blokkfrysing av laksefilet	: 200 tonn
* Årsomsetnad: 71 mill. kr.	

Fusa Kommune:

Bolaks A/S.

* pakking av laks og aure, sløydd	: 2.000 tonn
* Årsomsetnad, pakkegodtgjersle: 8,0 mill. kr.	

Holmefjord Fryseri:

* familieverksemd: røyking, filetproduksjon av laks og aure.	
* Årsomsetnad: ca 2.8 mill kr.	

Norway Foods A/S:

* nedlegging av 65.000 kassar á 100 boksar sardiner.	
* Årsomsetnad ca. 20 mill kr.	

Samnanger Kommune:

Arnesen & Nilsen

Mottak for Vestnorges Fiskesalgslag ca. 60 tonn med kvitfisk, torsk, sei, lyr hyse m.m.

Av dette 5 tonn med makrell

Div. vidareforedling , filet og fiskemat.

Årsomsetnad: tett på 1 mill kr.

Tysnes Kommune:

Tysnes Fiskemottak på Våge:

* mottak av fisk for Vestnorges Fiskesalgslag slik:

År	Torsk kg	Pale kg	Sei kg	Lyr kg	Hyse kg	Pigghå kg	Brosme kg	Lange kg	Annet kg
-91	11964	322	64735	20391	6080	49583	6918	28293	5182
-92	7227	145	18047	20738	4423	6990	6190	16979	2674
-93	6269	-	16400	9013	3600	-	2745	10650	2860
-94	4600	-	19925	6938	2564	-	1438	9513	2130
-95	2958	-	9434	3936	95	-	709	5107	350

Av 350 kg annet i tabellen er dette: krabbe, hummmer, kveite, piggvar, uer, steinbit, lysing, breiflabb.

* Total mottak ca. 15.000 kg.

Rexstar Seafood A/S:

* Filet, laks : 500 tonn

* Årsomsetnad: 16 mill. kr.

Kvam Herad:

Hardanger Fiskeforedling:

* pakking, frysing av laks og aure : 2.319 tonn

* dessutan mottak og pakking av røye : 19 tonn

* Årsomsetnad: 12,3 mill. kr.

8. Avleia verksemd.

Utanom det tradisjonelle fiske, fiskeoppdrett og fiskeindustrien har regionen ei rekkje verksemdar som i stikkordform kan nemnast:

Industri, (verksemdar for not, merd, el.install, mek.verksemdar ,slipp m.m.) :

Austevoll:

Austevoll Notverkstad A/S	: Ringnot, trål og merder.
Rabben Fiskeredskap A/S	: Merder, impregnering, tauverk m.m.
Austevoll Tvinneri A/S	: Tråd, fletta tråd.
Storebø Notbøteri	: Reperasjon av nøter.
Rabben Mek. Verksted	: Nybygg, rep., flytebrygger m.m.
Storebø Mek. Verksted	: Rep. av båtar, flytebrygger m.m.
Rostøy Båtservice	: Slipp og reperasjon av småbåtar.
Dalseide Shipping Services	: Rustibus, el.inst. og verkstad.
ABB Installasjon	: El. styresyst. el. install. m.m.
Austevoll Elektromek. A/S	: Mek. arbeid for el. install. m.m.
Austevoll Rør og Sanitær A/S:	: Div. arb. for fiskeri- og oppdrettsnæringa.

Os:

Os Båt på Askvik	: Rep. av fiskefartøy, slipp.
Halhjem Motorverksted på Halhjem	: Slipp og båtservice.
Unik Filtersystem A/S	: Filterering og rensing av vatn, utslepp m.m.
Os Elektro A/S	: El. installasjonsfirma.

Fusa:

H & E A/S Nordtveit Skipsbyggeri	: Rep. av fiskefartøy m.m.
Fusa Mek. Industri A/S	: Slipp, lev. div. utstyr til oppdrettsnæringa
Strandvik Plast A/S	: Fartøybygging, fiskekar o.l.
Helland Elektro & VVS A/S	: El. installasjon og rør.
Hordaland Aquatecnic A/S	: Røyrleggjarbedrift
Sørfonn Smedverkstad	: Div oppdrag for oppdrettsnæringa.

Samnanger

Midthordland Elektro A/S	: Div. installasjon og utstyr
--------------------------	-------------------------------

Tysnes:

- Lumic A/S : Slipp, fartøyrep., div utstyr til oppdrettsnæringa
Microman A/S : Div. utstyr til oppdrettsnæringa
Tysnes Båt & slipp : Reparasjonar i plast og tre, slipp for små båtar
Aker Elektro A/S på Våge : Install. og rep. til fiskeri- og oppdrettsnæringa

Kvam:

- Djupevåg Båtbyggeri A/S : Slipp, rep. og båtbygg.
Kværner Fjellstrand A/S : Slipp, rep. og båtbygg.
Nordheimsund Industrier A/S : Div. vedlikehold m.m.
Kvam Elektro : Div. utstyr og installasjon

Jondal:

- Jondal Stål A/S : Div. utstyr og reparasjonar, vedlikehold o.l.

Transport:

Austevoll: 1 føringsbåt for fôr, og 8 føringsbåtar med brønn.

Os: 1 føringsbåt med brønn

Fusa: 1 føringsbåt med brønn

Samnanger: 1 føringsbåt for fôr

Kvam: 2 biltransportfirma for føring av smolt, fôr o.l.

Forskning, undervisning:

Austevoll Havbrukstasjon : Forsk.stasj. for akvakultur m.m.
Fiskarfagskulen i Austevoll : Vidaregåande undervisning, fiske, akvakultur.

Lammaneset i Fusa : Vidaregåande undervisning, fiske, akvakultur.

Faglag:

Austevoll Fiskeoppdrettslag

Austevoll Fiskarlag

Os Fiskarlag

Fusa Fiskarlag

Fusa og Kvam Fiskeoppdrettslag

Tysnes Fiskarlag

Hardanger Fiskarlag

9. Summering/utviklingstrend.

9.1. Fiskerinæringa.

Det positive resultatet frå havfiskeflåten frå Austevoll i 1995 skaper ny optimisme i næringa og gjev følgjande utslag:

- * talet på havfiskefartøy aukar.
- * div. ombygging av fartøy pågår og viljen til fornying er til stades.
- * redskap og utstyr vert rusta opp.
- * fiskarmanntalet viser trend til auke/rekrutering.
- * fiskaryrket er blitt attraktivt att.

Os Kommune viser også trend til auka fiskeriaktivitet i meldingsåret, medan det i kommunane Fusa, Samnanger, Kvam og Jondal er heller låber fiskeriaktivitet.

9.2. Oppdrettsnæringa.

Fiskeoppdrettsnæringa i heile regionen hadde eit relativt godt år i 1995, utan sjukdom i anlegga eller andre store uhell.

Positive tegn i oppdrettsnæringa:

- * oppdrettarane er i ferd med å få brukbar økonomi i drifta att, grunna lavare produksjonskostnader og lite/ikkje sjukdom på fisken.
- * oppdrettarane satsar framleis med utsett av smolt i årgangssoner.
- * produksjonen frå 1995 er høgare enn nokon gong før.
- * Havforskningsinstituttet sin stasjon for marin akvakultur ligg i Austevoll og sentralt i forskninga står for utvikling av nye metodar for kommersiell produksjon av laks og aure, kveite, piggvar, torsk og steinbit.

9.3. Fiskeindustrien/mottaksleddet:

- * Austevoll Fiskeindustri A/S og Norsk Akvakultur hadde eit relativt godt år og særleg ved Austevoll Fiskeindustri A/S var sesongen hektisk ved mottak av makrell og sild. Dette til tross for at verksemnda var inne i ein ombyggingsfase i 1995.
- * Os Kommune hadde aukande oppdrettsaktivitet og mottaket på Gje-Vi hadde eit relativt godt år.
- * Fusa Kommune hadde relativ god oppdrettsaktivitet både på matfisk- og settefisksida. Mottaksanlegga, Bolaks A/S, Holmefjord Fryseri og Norway Foods A/S hadde god aktivitet.
- * Samnanger Kommune har kun eit setjefiskanlegg i drift, samt eit matfiskanlegg frå Fusa. Kvitfiskmottaket Arnesen & Nilsen Fisk A/S hadde auka aktivitet i 1995.
- * Tysnes Kommune har auka oppdrettsaktivitet, særleg på matfisksida. Kvitfiskmottaket på Våge hadde låber aktivitet i meldingsåret medan laksemottaket Rexstar Seafood A/S hadde relativ god aktivitet og dette er kjærkomne arbeidsplassar i Tysnes.
- * Kvam Kommune hadde relativ god oppdrettsaktivitet både på matfisk- og setjefisksida. Hardanger Fiskeforedling hadde eit relativt godt år.
- * Jondal Kommune hadde auka oppdrettsaktivitet. Dei har dessutan eit setjefiskanlegg i drift.

10. KORTMELDINGAR.

KORTMELDING FOR AUSTEVOLL 1995.

Nøkkeltal i fiskerinæringa:


- * 21 store ringnotfartøy, den største ringnotflåten i landet!
- * 225.850 hl konsesjonsvolum.
- * 15 av fartøya har kolmuletrålkonsesjon, der 6 av desse har fryseri/ombordproduksjon.
- * 1 av fartøya er i teneste for kystvakta.
- * 1 kombinert fartøy, 1 brislingfartøy og 57 mindre fartøy, sjarkar og småbåtar.
- * Fangstresultat, ca. 466 mill. kr. i fyrstehandsverde for hav-fiskeflåten og ca. 4 mill. kr. den øvrige flåten.
- * Oppfiska kvantum er 3,6 mill.hl. (328 000 tonn) fordelt slik:

Kolmule	: 39%
Sild/Brisl.	: 40%
Makrell	: 19%
Lodde	: 2%


- * Av fangstkvantumet er det levert ca. 30.000 tonn i Austevoll til ein fyrstehandsverdi på ca. 127 mill. kr.
- * Fangstområda er: Makrell, sild- og brislingfisket i Norske-havet og Nordsjøen. Kolmulefiske vest for dei Britiske Øyer, og på Færøybanken. Loddfefiske ved Island og Jan Mayen.
- * 230 fiskarar med fiske som hovedyrke, med totalt 297 i fiskarmanntalet i 1995.
- * Ca. 45% av arbeidsplassane i Austevoll er knytta il fiskeri- og oppdrettsnæringa.
- * Sjarkfiske: Botngarn, drivgarnsfiske etter makrell, reke-trål, krokarn etter laks,snurpefiske etter makrell, sild og sei, samt teine- og ruse-fiske.
- * Fiskeriaktivitetane skapar store ringverknader på land som t.d:

2 fiskeindustriverksemder
3 notbøteri
1 tvinneri
3 mekaniske verkstader
1 elektro-mekanisk verkstad
1 ensilasjeverksemd, pluss diverse andre som konsulentfirma, føringstenester m.m.

Resultat frå havfiskeflåten i Austevoll, Mill. Kr. 1991 - 1995



Resultat frå havfiskeflåten i Austevoll, 1000 HL, 1991 - 1995




Nøkkeltal i fiskeoppdrettsnæringa:

- * 26 matfiskkonsesjonar for laks og aure, og av desse er 2 Fou-konsesjonar.
- * Berre 1 anlegg sette ut aure i 1994, og 2 anlegg hadde ikkje drift.
- * Konsesjonsvolumet (24 konsesjonar i drift), 275.000 m³, er fordelt slik:
 - 19 anlegg med 12 000 m³ kvar
 - 1 anlegg med 24 000 m³
 - 2 anlegg med 6 000 m³ kvar
 - 2 Fou-konsesjonar med henholdsvis 3000 og 8 000 m³.
- * 1 setjefiskanlegg på 300 000 stk. setjefisk pr. år.
- * Av 19 konsesjonar for andre fiskearter hadde berre 4 drift i 1995.
- * 9732 tonn laks og 1026 tonn aure vart solgt i 1995.
- * 256,5 mill. kr. i første hands omsetnad. I tillegg kjem salg frå setjefiskanlegget og marin yngelproduksjon.
- * I tillegg til ca. 65 årsverk knytta direkte til oppdrettsanlegga skapar dette store ringverknader i form av arbeids-plassar til.
- * Ca. 200 årsverk i foredlingsleddet (mottak av pelagisk fisk og oppdrettsråstoff. Hordafør inkl.).
- * 2 verksemder for mottak av oppdrettsfisk.
- * 1 produsent av ensilasje/gjenvinning av fiskeavskjær m.m. (35 årsverk).
- * Ca. 10 produsentar av anlegg og utstyr.
- * 8 føringsfartøy med brønn.
- * 1 føringsfartøy for oppdrettsfôr.
- * Diverse andre firma som yter tenester for oppdrettsnæringa.


Salg av oppdrettsfisk i Austevoll i 1995 var høgare enn nokon gong før både i kvantum og salsverde.

Av andre arter så ser det ut som oppdrett av kveite er den som gjev størst interesse til å koma igang med kommersiell drift.
Oppdrett av ål er også igangsett.

Fiskeoppdrettsnæringa i Austevoll, Matfisk, MILL. kr. 1991 - 1995.



Fiskeoppdrettsnæringa i Austevoll, Matfisk, Tonn, 1991 - 1995.



KORTMELDING FOR OS KOMMUNE 1995

Nøkkeltal for fiskerinæringa:

- * 2 store ringnotfartøy.
- * 1 brislingsfartøy.
- * 1 rekestrålfartøy.
- * 26 andre fartøy i merkeregisteret.
- * 15 - 20.000 tonn oppfiska kvantum, der makrell-, lodde-, sild-, og kolmulefisket med dei to ringnotfartøya utgjer storparten av fangstresultatet på ca. 30 - 35 mill. kr. (Førebels statistikk frå Fiskeridirektoratet).
- * 72 personar i fiskarmanntalet, med 55 som har fiske som hovudyrke.
- * Fiskeriaktiviteten i Os er omtrent som året før, dog med noko høgare fangstresultat. Nokre sjarkfartøy frå Os dreiv eit aktivt fiske med not, garn, liner, teiner og ruser, etter torsk, sei, hyse, lange, makrell, sild m.m.

Nøkkeltal for oppdrettsnæringa:


- * 3 matfiskkonsesjonar for laks og aure, 12 000 m³ kvar.
- * 1 setjefiskkonsesjon for laks og aure, 250 000 stk./år.
- * 3 konsesjonar for marine fiskeartar med drift på ein av desse i 1995.
- * 1.121 tonn laks til ein verdi av 28,453 mill. kr. vart solgt frå matfiskanlegga i Os i 1994.
- * Gje-Vi A/S på Lepsoy er ei nøkkelveksemd for oppdrettsnæringa med pakking, røyking, filitering m.m.
Verksemda hadde 35 årsverk i 1995.
- * 1 brønnfartøy for føring av fisk.

Os er ein kommune der natur- og friluftsliv har sterke interesser og det har vore vanskar for dei tre matfiskkonsesjonane å finna tilfredsstillande driftslokalitetar i Os.


Tabellane på neste side viser resultatet frå fiskeoppdrettsnæringa i Os dei siste 5 åra. Resultatet frå settefiskanlegget i Os kjem i tillegg.

Fiskeri- og oppdrettsaktiviteten skapar også aktivitet til diverse verksemdar på land som leverer utstyr m.m.

Fiskeoppdrettsnæringa i Os, Matfisk, Mill. kr. 1991 - 1995.



Fiskeoppdrettsnæringa i Os, Matfisk, Tonn, 1991 - 1995.



KORTMELDING FOR FUSA KOMMUNE 1995

Nøkkeltal for fiskerincæringa:

- * 2 brislingbruk.
- * 11 andre fartøy, sjarkar og mindre åpne båtar i merkeregisteret.
- * 16 personar i fiskarmanntalet i 1995.

Fiskeriaktiviteten til dei heimehøyrande fartøya i Fusa var laber i 1995. Berre nokre få fartøy hadde aktiv drift med eit fangst-resultat på ca. 137 tonn fisk til ein fyrstehandsverdi på ca. 700 000 kr. (Førebels statistikk frå Fiskeridirektoratet).

Nøkkeltal for oppdrettsnæringa:

Fiskeoppdrettsnæringa i Fusa viser aktiv drift med oppdrett av laks både på matfisk- og setjefisksida.


- * 10 konsesjonar, matfisk for laks og aure, tot. 105.000 m³.
- * 12 setjefiskanlegg for laks og aure, tot. 3 777 000 stk./år.
- * 2 konsesjonar for marine artar med drift på den eine i 1995..
- * 1 skaldyrkonsesjon i drift.
- * 3.840 tonn laks vart solgt i 1995, til ein verdi av 84,3 mill.kr..
- * 2,75 mill settefisk vart også solgt til ein verdi av ca. 35 mill kr.
- * 1 verksemd i Fusa for pakking av eigen lakseproduksjon med totalt 12 årsverk.
- * 1 familieverksemd for filitering og røyking av laks, i alt 3 årsverk.
- * Sardinfabrikken i Eikelandsosen med totalt 40 årsverk i 1995.

Tabellane på neste side viser matfiskdelen av oppdrettsaktiviteten i Fusa kommune dei 5 siste åra.


Salg av setjefisk kjem i tillegg med ca. 35 mill kr..

Oppdrettsverksemnda i Fusa gjev gode ringverknader til verksemnder på land.

Fiskeoppdrettsnæringa i Fusa, Matfisk, Mill.kr. 1991 - 1995.



Fiskeoppdrettsnæringa i Fusa, Matfisk, Tonn, 1991 - 1995.



KORTMELDING FOR TYSNES KOMMUNE

1995.

Nøkkeltal for fiskerincæringa:

- * 10 fartøy i merkeregisteret, sjarkar og mindre fiskefartøy.
- * 15 personar i fiskarmanntalet.
- * Kun få personar frå Tysnes kan visa til aktiv drift for dei heimehøyrande fartøya i 1994, med not, garn, liner og teiner. Fangstresultatet var på ca. 60-70 tonn med blanding av torsk, sei, hyse, lange/brosme, makrell, sild m.m.
Fyrstehåndsverdien var på ca. 300 000 kr. (Foreløpig statistikk frå Fiskeridirektoratet.
- * Tysnes Fiskemottak på Våge, som tek mot fisk for Vestnorges Fiskesalgslag hadde 1 årsverk i 1995.

Nøkkeltal for oppdrettsnæringa:

Fiskeoppdrettsnæringa i Tysnes viser særs aktiv drift i 1995 med oppdrett av laks både på matfisk- og setjefisksida.


- * 7 konsesjonar for matfisk av laks og aure, tot. 84 000 m³.
- * 4 konsesjonar for setjefisk, tot. 2 500 000 stk./år.
- * 2 konsesjonar for marine artar.
- * 1 konsesjon for skaldyr.
- * 6.045 tonn laks vart solgt i 1995, til ein verdi av 145,3 mill. kr.
- * 3 mill. settefisk vart solgt til ein verdi av ca. 32 mill kr.
- * Rexstar Seafood A/S, verksemda for mottak av laks og aure ved Reksteren, hadde 14 årsverk i 1995.

Tabellane på neste side viser resultatet frå oppdrettsaktiviteten på matfisksida i Tysnes kommune dei siste 5 åra.


Salg av setjefisk kjem i tillegg.

Oppdrettsverksemda gjev gode ringverknader til diverse verksemdar på land.

Fiskeoppdrettsnæringa i Tysnes, Matfisk, Mill. kr. 1991 - 1995.



Fiskeoppdrettsnæringa i Tysnes, Matfisk, Tonn, 1991 - 1995.



KORTMELDING FOR KVAM KOMMUNE 1995.

Nøkkeltal for fiskerinæringa:

- * 9 mindre fartøy i merkeregisteret.
- * 8 personar i fiskarmanntalet
- * Resultatet frå dei heimehøyrande fartøya viser eit heller magert resultat på 10-15 tonn med blanding av sei, hyse, lange/brosme m.m, til ein fyrstehandsverdi under 100.000 kr. (Førebels statistikk frå Fiskeridirektoratet).

Nøkkeltal for oppdrettsnæringa:


Fiskeoppdrettsnæringa i Kvam er etter kvart komen godt i gang med oppdrett av laks og aure.

- * 5 konsesjonar for matfisk av laks og aure, kvar på 12 000 m³.
- * 4 konsesjonar for setjefisk av laks og aure, tot. 2 160 000 stk./år.
- * 1 konsesjon for oppdrett av røye.
- * ca 2000 tonn matfisk solgt i 1995, til ein verdi av ca. 47 mill. kr. (Røye medrekna).
- * 1,7 mill settefisk solgt til ein verdi av 16,4 mill kr.
- * Hardanger Fiskeforedling A/S, som tek i mot oppdrettsfisk, hadde god aktivitet i 1995, med totalt 23 årsverk.


Tabellane på neste side syner oppdrettsresultatet for matfisksida i Kvam dei siste 5 åra. Salg av setjefisk er ikkje teken med.

Oppdrettsnæringa gjev gode ringverknader til div. verksemnder på land.

Fiskeoppdrettsnæringa i Kvam, Matfisk, Mill. kr. 1991 - 1995.



Fiskeoppdrettsnæringa i Kvam, Matfisk, Tonn, 1991 - 1995.



KORTMELDING FOR JONDAL KOMMUNE

1995.

Jondal kommune har ikkje nemnande fiskeriaktivitet og berre eit mindre fartøy i merkeregisteret.

Fiskeoppdrettsnæringa er derimot komen godt i gang i Jondal.

** 4 matfiskkonsesjonar for laks og aure, 12 000 m³ kvar.*

** 1 setjefiskkonsesjon for laks og aure, 800.000 stk./år.*

** 1 953 tonn laks solgt i 1995, til ein verdi av 42,3 mill. kr.*

Tabellane på neste side syner salgsresultat frå Jondal dei siste 4 åra. Salg av setjefisk er ikkje med.

KORTMELDING FOR SAMNANGER KOMMUNE

1995.

Samnanger kommune har nokre mindre fartøy i merkeregisteret kun få personar i fiskarmanntalet

Fiskeriaktiviteten var ikkje nevneverdig i 1995.

Samnanger kommune har felles fiskerinemnd med kommunane Os og Fusa.


Nøkkeltal for oppdrettsnæringa:

** 1 konsesjon for setjefisk av laks og aure, tot. 600 000 stk./år.*

** 1 konsesjon for marine fiskeartar.*

** Arnesen & Nilsen Fisk A/S hadde auka aktivitet i 1995.*

Fiskeoppdrettsnæringa i Jondal, Matfisk, Mill. kr. 1992 - 1995.



Fiskeoppdrettsnæringa i Jondal, Matfisk, Tonn, 1991 - 1995.

